

Møte med VGU, 09.09.24

Til stade: Gunn Vikingstad (leiar), Gunnar Birkeland, Else Karrin og Mona Aksdal

Stad: Heime hos Gunn

Møtet starta med ei lita oppdatering siden sist:

Else Karrin har vore på møte med Trovåg Laks, som hadde invitert naboar på informasjon og omvisning. Dei har planert meir område, men ikkje planer om å bygge fleire hallar per no.

Det er planta blomar rundt om i bygda i vår, og litt lyng no til hausten. Det er brukt kommunale midler til dette.

Det var gjennomført ein dugnadsfest på bryggebakken for å feire den gode dugnadsanda i juni.

SØK-midler er utbetalt.

Endring i styret:

Camilla Bjørnevik måtte trekke seg frå styret. Else Karrin som vara, går inn som fast representant fram til årsmøtet.

Brosjyre til nye tilflyttarar

Eit ønske frå kommunen at det lages ein brosjyre i kvar bygd. Kommunen har laga ein tilsendt mal.

Ønskeleg med info om bygda, og kva tilbud me har i bygda. Vise til nettsidene, kor den nyaste infoen ligg. Oppslagstavla på Facebook, Vikebygd.no, Vikebygd.org. Mona tar seg av det.

Kurs

Medvind og SØK legger opp kurs og tilbud til lag i kommunen. Det skal være samling denne veka på Bjoa, og Gunnar stiller her frå VGU.

Ut på tur i Vindafjord

Dei er på jakt etter ein ny representant for Vikebygd, dette har fram til no vore Roald Årvik. Representanten har som oppgåve å finne ein tur som skal inn i Ut på tur-brosjyren, gjere denne turen klar og merka. Delta på to møter i året med kommunen. Dei kan og søke støtte på 5000 kr årlig for vedlikehold av turløyper. Gunnar skal høyre med ei turgruppe i bygda om dei er interessert i å ta denne oppgava.

Status veigruppe

Veigruppa har hatt møte 22.08.24 - Kommunen med ordførar Vierdal, Rogaland Fylke og Dommersnes AS var til stede. Ingen lovnader per no, men dei har hatt befarung frå Bjordalsbrua, og fram til Bygdahuset. Referat fra møtet blir lagt ut på Vikebygd.no. Gunnar deltok på dette.

Flyktningar

Gunnar foreslår ein bli kjent-kveld. Utfordrande med språkbarrieren. Me har nokre i bygda som snakkar språket - alliere seg med dei? Invitere dei til grilling og slike ting slik at dei kan trives og inkluderes i bygda. Fare for at dei heller ønsker seg til Ølen, viktig at dei trives her.

Det foreslås å heller finne to til tre personar i bygda som kunne hatt ansvar for å invitere dei med seg på arrangement og liknande.

Gode VIB`er

Prosjektet med Sherpa-trapper, det er vanskelig å finne folk som kan jobbe med det då det er eit stort prosjekt. Planen har vore trapp i skifer, men det foreslås å heller lage i tre, som ein rimeligare og lettare gjennomførbar løysning.

Butikk og leilighetar - Venter på skisse-forslag fra arkitektar på ny butikk og aldersboligar.

I Gode VIB`ar skal ein arbeide med ulike område i bygdene: Vekst og utvikling, besøk og trivsel, arbeidsplassar, næring og bolig. Gunn savner ei gruppe som kan jobbe med idear i Vikebygd, og så ta det vidare til VIBer. Ønske om fleire som engasjerer seg her.

Det er behov for ein uformell arena i bygda, med arrangement som å sjå fotballkamp og lignande. Ein ser for seg at folk kan møtast her, prata og dela idear. Høyre med Gamlatunet om dei kan være interessert i å ha åpent for eksempel ein gong i måneden, for drøs og sosialt lag. Det kan være lettare å få folk engasjert i saker og idear når drøftinga skjer på ein uformell arena slik som dette.

Skrivar: Mona Aksdal